



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 04.03.2026

Vår ref.: 202604458-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om løyve til mellombels fråvik frå minstevassføring nedstrøms Makkoren kraftverk i Høyanger kommune, Vestland fylke

NVE har fått ein søknad frå Statkraft Energi AS om løyve til å fråvike krav om minstevassføring frå Makkoren kraftverk. Tiltaket er planlagt gjennomført i løpet av ein periode på inntil seks veker, frå 01.05.2026 til 15.07.2026. Det blir søkt om fråvik frå krav av minstevassføring.

Kva blir det søkt om?

NVE har mottatt ein søknad frå Statkraft Energi AS om mellombels fråvik frå minstevassføring nedstrøms Makkoren kraftverk. Det blir søkt om fråvik frå slipp av 250 l/s i ein periode på inntil seks veker mellom 01.05.2026 til 15.07.2026. Arbeidet inneber at vassvegen må tømmast for å gjennomføre nødvendig reinsing av tilløpstunnelen frå Norddalsvatn, og minstevassføringa kan difor ikkje oppretthaldast gjennom kraftverket i denne perioden.

For å delvis oppretthalde vassføringa er det planlagt å sleppe tilsvarende vassmengd frå ein ventil i sperredammen på Norddalsvatn. Vatnet renn inn i bekken om lag 300 meter nedstrøms slippunktet ved Makkoren kraftverk og for å sikre minstevassføring på den nedste delen av strekninga. Tiltaket må gjennomførast i sommarhalvåret på grunn av tilkomst via anleggsveg.

Søknaden er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9861/V.

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer tilbakemeldingar knytte til momenta i søknaden. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttale seg.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95,

Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Eventuelle kommentarar kan sendast på e-post til nve@nve.no. Merk e-post med «Høyringsfråsegn og saksnummer 202604458 i emnefeltet.

Frist for å sende fråsegn er **10.04.2026**.

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag.

Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Charlotte Bøhm

rådgiver

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

HØYANGER KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

STATKRAFT ENERGI AS